

Handlings- og tiltaksplan 2015.

Innleiing.

Handlingsplanen 2015 med framlegg til tiltak og aktivitetar byggjer på revidert Parkplan sin overordna satsingar som pt. er:

- SKAPE NÆRING OG KULTUR.
- TA VARE PÅ NATURARV OG MILJØ.
- TA VARE PÅ KULTUTARV.

Fylgjande føresetnader og rammevilkår er bestemmande i høve til val av prosjekt og gjennomføring av desse:

- Verdsarvparken si deltaking i det nasjonale verdiskapingsprogrammet for Lokal og Regionale Parkar i regi av Kommunal og Regionaldepartementet.
- Initiativ og innspel frå partnarar.
- Tilsegn om midlar til gjennomføring/ tilgjengeleg prosjektøkonomi.

Handlingsplanen er resultatet av ein prosesses med fylgjande innhald:

- 18. august: Rammer for arbeidet drøfta i arbeidsutvalet.
- 30. september: Partnarmøte med orientering om framdrift og oppmoding om å kome med framlegg til prosjekt/ tiltak.
- 1. november: Frist for innspel.
- 12. desember 2015: Framlegg til handlingsplan drøfta i arbeidsutvalet .
- 7. januar 2015: Handsaming og godkjenning i Parkstyret i sak 03/15.

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2015	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
2.	SKAPE - NÆRING og KULTUR					
VERTSKAP OG FORMIDLING:						
2.1	<p>1. Bygdevertkurs:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikle kursa med tanke på innhald (<i>verdsarverdiane</i>) og målgruppe - etablere og gjennomføre eit tilbod retta særleg mot deltakarar som skal nytte kunnskapen i eiga næringsverksemd eller som tilsett. - Legge til rette for og hjelpe fram lokalt tilpassa kurs i dei andre grendene i og kring Verdsarvparken. <p>2. Vertskapskurs: Utvikle og gjennomføre eit 1. generasjon vertskapskurs for 1.linje personell i reiselivsverksemdar og andre verksemdar i Verdsarvparken. Fokus på basiskunnskap om området/regionen og kva det kan tilby av opplevingar og aktivitetar. Omfattar og visningsturar i området.</p> <p>3. Verktøykassa for vertskap: Oppdatere/ revidere dokumentet til ei praktisk handbok - både som hefte og på nett. (Prosjekt VSP LRP)</p>	300 000	300 000	Partnarane Visit Sognefjord Kommunane mv. SJH/ Ressurscenteret	Desember	SJH (Parkforvaltar - mat- og oppleving)
		250 000	250 000			
2.2.	"Verdsarvutstilling" : I Juli 2015 er det 10 år sidan Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på Verdsarvlista. Prosjektet har som mål å etablere ei fyrste generasjons informasjonsutstilling om verdsarven og verneområda i Heradshuset. Tiltaket vert gjennomført i samarbeid med verneområdeforvaltar for Nærøyfjorden og Aurland kommune v/ kulturavdelinga.	400 000	400 000	Verneområdeforvaltar Aurland kommune v/ kulturavd.	Oktober	Parkforvaltar - kulturminne og formidling
2.3.	"Fjordportalen", Aurlandsvngen: Vidareføre forprosjektet/ etablere eit hovudprosjekt med mål om å bygge eit Verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden.	200 000	200 000	Aurland kjøle- og fruktlager	Desember	Dagleg leiar
2.4.	Infopunkt Flåm: Utvikling av profilerings- og utstillingskonsept med info om Verdsarvstatusen, Verdsarvparken og dei unike produkta frå parken og samarbeidande nettverk som SAKTE. Eksponert gjennom plansjar/rollup, og interaktive skjermar. Kjøp av utstyr, tenester og produksjon. Prosjektet vert modell for liknanden satsing i Gudvangen. (Vidareføring av 2-årig prosjekt)	400 000	400 000	Flåm AS Visit Sognefjord	Desember	Prosjektmedarbeidar

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2015	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
2.5.	Lokale informasjons- og visningscenter (Verdsarvhus): Utvikle og etablere eit tilpassa formidlingskonsept i grendene (Verdsarvhusa) med fokus på verdsarvstatusen, Verdsarvparken og kvar einskild grend. Prosjektet har som delmål å skape aktivitet i og kring tidlegare skulehus/ grendehus samt involvere grendene i formidlingsarbeidet. Verdsarvhusa skal vere Fjordportalen sine "filialar." Bygda Underdal vert pilot i denne satsinga (Prosjekt vidareført frå 2014)	500 000	500 000	Underdal grendalag Bakka grendalag Nærøy Vel Jordalen grendalag Aurland Naturverkstad Verneområdestyret	Desember	Underdal grendalag Bakka grendalag Nærøy Vel Jordalen grendalag Parkforvaltarane
2.6.	Formidling og informasjon: 1. Vidareutvikling og drift av nettsida www.naroyfjorden.no . Tilpassing og oppgradering til nye tekniske løysingar. Omsetjing til engelsk. (Partnarar/ grendalag utan eiga side kan få tilgang til Parken sine nettsider.) 2. Setje i produksjon revidert infobrosjyre om Verdsarvparken . 3. Auka satsing på å nytte lokal og regional media til informasjon/ formidling/ omtale av prosjekt og tiltak. 4. Koordinering, kunngjering og profilering av partnarane sine aktivitetar/ arrangement gjennom utvikling/ produksjon av plakatar og annonser for media og nett. 5. Implementere felles handbok/ retningsliner for bruk av parklogo/ parkprofil.	350 000	350 000	Lokale blad og regionale aviser mv. Aurland Naturverkstad Karlsens AS Partnarane	Desember	Parkorganisasjonen
2.6.1.	Formidling av prinsippa for Sporlaus ferdsel (LNT): Prosjektet i regi av partnar Aurland Turlag har som føremål å utarbeide enkle illustrasjonar til formidling av LNT-prinsippa. Arbeidet er kopla til utviklinga av eit nytt turkart med oversikt over turbøker og evt. lett tilgjengelige bålplassar.	25 000	10 000	Aurland Turlag Verneområdeforvaltar	November	Aurland Turlag
2.7.	Felles formidlingsplan - Vestnorsk fjordlandskap: Oppstart og gjennomføring av arbeidsprosess med mål om å fremje utkast til felles formidlingsplan for Vestnorsk fjordlandskap. (Utsett/ vidareført frå 2014.)	100 000	50 000	Geirangerfjorden Verdsarv Aurland Naturverkstad Verneområdestyre/ SNO	Desember	Parkforvaltar kulturminne og formidling

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2015	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
MAT, HANDVERKS- OG OPPLEVINGSPRODUKSJON:						
2.8.	<p>1.SAKTE: Støtte ei spissa satsing i samarbeid med SAKTE-alliansen om utvikling av natur - og kulturbasert reiseliv i Verdsarvparken med fokus på tilrettelegging, produktutvikling, merkevarebygging og utvikling av ein marknad for produkt som styrkar motivet for vern av landskaps- og kulturverdiane.</p> <p>2. Brei framhjelp: Vidareføre brei framhjelp og støtte av nye regionale initiativ og satsingar innan mat-, handverks- og opplevingsproduksjon. Utvikle nettverk, knyte kontakt/ etablere samarbeid med liknande satsingar i parkregionen, lyfte fram og synleggjere mangfaldet på marknader og arrangement. Gjennomføre tematiske møteplassar/ produsentforum.</p>	500 000 200 000	200 000 200 000	Partnarane/ SAKTE-alliansen Kommunane Visit Sognefjord Sognefjorden Næringshage Voss Næringshage/ Vossameny	Desember	Parkforvaltar - mat og oppleving
2.9.	<p>Informasjon og formidling av verdsarvbygda Underdal: Prosjektet har som føremål å synleggjere/ presentere produkt frå Underdal i Underdal Servicebygg og i Flåm samt gjennom felles profilering og merking løfte fram opplevingar/ aktivitetar sentralt i bygda.</p>	150 000	65 000	Underdal Bygdeutvikling AS	Desember	Underdal Bygdeutvikling AS
2.10.	<p>Prosjekt Brimost: Brimost frå Sogn er i det verdsomspennande organisasjonen Slow Food kåra til presidium. I Slow Food rørsle er dermed brunosten i klasse med verne verdige produkt frå heile verda. Prosjektet har som mål å gjere Brimost frå Sogn kjent som ei merkevare for regionen på linje med "Rakfisk frå Valdres" og Smalahove frå Voss.</p> <p>Vidareføring av prosjektet som skal stake ut vegen, samle aktuelle samarbeidspartar som vil vere med å støtte prosjektet.</p>	600 000	50 000	SJH/ Ressurscenteret I samarbeid med nettverk for Brimostprodusentar.	Desember	Parkforvaltar - mat og oppleving

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2015	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
2.11.	<p>"Det forteljande landskapet som ressurs for berekraftig reiseliv": Utvikling og etablering av ein internasjonal vandrefestival frå Hallingskarvet til Sognefjorden «In the spirit of Arne Næss". Prosjektet har som målsetjing å utvikle og utprøve ein pilot for berekraftig reiseliv : Utvikle og etablere eit vandrekonsept med utgangspunkt i det forteljande landskap som ressurs for reiselivet</p> <p>Forme ein serie opplevingar i læringsrom frå fjell til fjord som legg til rette for transformativt læringsprosessar</p> <p>Utforske metodar for å komme i ein personleg og kunnskapsbasert dialog med naturen og våre eigne forteljingar, både naturhistoriske og kulturhistoriske</p> <p>Skape dei nye forteljingane basert på forståing og oppleving av forholdet mellom natur, kultur og menneske i landskapet</p> <p>Utvikle reiskap for formidling av forteljingane (narrative)</p> <p>Teste ut piloten i 2015.</p>	455 000	100 000	SJH/ Ressurssenteret	Desember	SJH/ Ressurssenteret
Arrangement						
2.13.	<p>Geologivandringar: I samband med 10-års markeringa for verdsarvstatusen / Friluftslivet sitt år planlegge og gjennomføre 4 geologivandringar i Parkregionen , td. i Flåm/ Flåmsdalen og Nærøydalen.</p>	80 000	60 000	Partnarar/ turlaga, geologar og bygdevertar.	November	Parkforvaltar Kulturminne og formidling
2.14.	<p>"Verdsarvmarkering 2015": I juli 2015 er det 10 år sidan Vestnorsk fjordlandskap kom på Verdsarvlista. Dette må markerast på forskjellig vis. I samarbeid med Geirangerfjorden Verdsarv vil vi utarbeide ein profil/ program for små og store markeringar i begge fjordområda i tillegg til planlegging og gjennomføring av eit større fellesarrangement.</p>	150 000	100 000	Verdsarvrådet Geirangerfjorden Verdsarv Kommunane Fylkeskommunane Lag og organisasjonar	Desember	Dagleg leiar

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2015	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
2.15.	Verdsarvturen, Bakka: Innsats og hjelp til organisering og gjennomføring av arrangement.	15 000	8 000	Bakka grendalag SNO	August	Bakka grendalag
2.16.	Kongevegsmarsjen, Stalheim: Organisering, marknadsføring og gjennomføring. Opning av nyrestaurert veg.	30 000	17 000	Stalheim Landskapspark	September	Stalheim Landskapspark
2.17.	Stalheimskleiva Opp, Stalheim: Organisering, marknadsføring/profilering og gjennomføring av arrangementet 1. mai.	80 000	20 000	Stalheim Landskapspark	Mai	Stalheim Landskapspark
2.18.	Motbakkeløp Rimstigen Opp, Bakka: Innsats til utvikling, organisering, koordinering, marknadsføring og gjennomføring.	85 000	25 000	Aurland Idrettslag Bakka Grendalag	Juli	Aurland Idrettslag
2.19.	Nynorske litteraturdagar: Planlegge, organisere, marknadsføre og gjennomføre arrangementet " <i>Nynorske litteraturdagar 2015</i> ".	700 000	500 000	Festivalstyre Lag og organisasjonar Frivillige	November	Prosjektmedarbeidar Kulturkoordinator.
2.20.	Kulturminnehelg 2015: Framhjelp, organisering og gjennomføring av kulturminnedagen 2015/ marknad på Otternes Bygdetun. Engasjere og involvere skulane/ musikk- og kulturskulane, lag og organisasjonar elles i programmet og aktivitetane. Fokus på brei verdiskaping.	120 000	80 000	Otternes v/ Laila Kvellestad Lag og organisasjonar	September	Parkforvaltar Kulturminne og formidling
2.21.	Seminar om vikingtida: Kveldsseminar i regi av SLP kor inviterte føredragshaldarar fortel om korleis det var på Stalheim/ haugsvik under vikingtida.	25 000	10 000	Stalheim Landskapspark		Stalheim Landskapspark
Anna						
2.22.	Prosjektutvikling i dei andre grendene: Framhjelp og innsats, både direkte og indirekte, til utviklingsprosessar i grendene i Verdsarvparken. Bidra med prosess- og fagkompetanse.	100 000	100 000	Lag, organisasjonar og verksemder i grendene.	Desember	Dagleg leiar/ Partnar Sognefjorden Næringshage
SUM SKAPE NÆRING OG KULTUR		5 815 000	3 995 000			

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2015	NVP	Partnerar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
3	TA VARE PÅ NATURAV OG MILJØ					
3.1.	Tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap: Auka innsats og fokus med mål om å auke økonomien i eksisterande ordningar/ etablere økonomi til ordninga med investeringsbidrag. Kontakte sentrale samarbeidspartar og styresmakter.			Verdsarvrådet Kommunane FM-landbruksavdelinga	Desember	Dagleg leiar
3.2.	Kurs/ kompetanse/ nettverkssamlingar: Planlegge/ gjennomføre kurs/ samlingar som eit ledd i oppfølging av avtalepartane i tiltaksplanen. Samarbeid og samordning med med Geirangerfjorden.	30 000	30 000	Kommunane Landbruksavdelingane	Mai	Dagleg leiar
3.3.	Besøksforvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap: Oppstart av eit 3-årig hovudprosjekt med mål om å etablere ein felles besøksforvaltningsstrategi/ - plan for Vestnorsk fjordlandskap. Planlegge og gjennomføre ein felles studietur for Vestnorsk fjordlandskap til område med liknande tal gjester og røynsle frå aktiv besøkseining. (Prosjektet har ein førebels samla kostnad på omlag kr. 6 900 000,-. Budsjett NVP sin del av år 1)	400 000	300 000	Aurland Naturverkstad Geirangerfjorden Verdsarv Verdsarvrådet Regionalt Forskingsfond Verneområdestyret Reisemålselskapa mv.	Desember	Dagleg leiar
3.4.	Prosjekt "Levande Fjord": 1. Gjennomføring av årleg dialogkonferanse mellom alle aktørane på fjorden og forvaltninga om forpliktande felles ambisjonar og tiltak for utsleppsfri fjordturisme. 2. Kartlegge tilstand/potensiale/ behov for tilretteleggingstiltak i og ved bygdene langs med fjorden. 3. Fjord Safari med hurtiggåande rib-båtar. Bistand og pådrivarrolle for å få i stand eit pilotprosjekt for elektrifisering av dette produktet . 4. Fjord Cruise i rute og charter. Pådrivarrolle for eliminering av ueigna båtmateriell som lagar bylgjer og erosjonsproblem eller ureinar til luft og fjord. 5. Cruisenæringa: Pådrivar for elektrifisering ved kai og eliminering av utslepp til luft og sjø.	330 000	280 000	Flåm AS Visit Sognefjord	Desember	Prosjektmedarbeidar.

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2015	NVP	Partnerar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
3.5.	"Leave No Trace" : Gjennomføring av kurset i "Ferdse utan spor" for utøvarar av friluftsliv/ naturbasert verksemd. Målet er å utdanna instruktørar i heile området som kan formidla kunnskap og haldningar til ferdsel i naturen, slik at kultur- og naturverdiane vert teke vare på. Prinsippa for LNT er teke med på kartet som vart laga for padlarar på fjorden.	60 000	15 000	Njord AS	April	Njord AS v/ Ervin Mejía
Skjøtsel og tilrettelegging						
3.6.	Tursti Brekkefossen, Flåm : Planlegging og støtte til gjennomføring av tilretteleggingsprosjekt ved Brekkefossen - ein svært mykje nytta tursti. Betre og sikrare tilkomst. Oppsett av infoskilt, etablering av toalettfas.. (Prosjekt vidareført frå 2014.)	1 500 000	300 000	Aurland kommune Verneområdestyre/SNO Grunneigarar Reiselivsverksemd	Oktober	Aurland kommune/ SNO v/ Kristoffer Ullern Hansen
3.7.	Turvegen til Hovdungo - Stigen : Underdal sitt svar på Rimstigen. Planlegging og støtte til gjennomføring av tiltak som betrar og sikrar tilkomst, merking og oppsett av infotavler/ etablering av formidlingsopplegg. Auka profilering og marknadsføring. (Prosjekt vidareført frå 2014)	100 000	50 000	Underdal grunneigarlag Underdal grendalag SNO/ Verneområdestyre	November	Parkforvaltar - kulturminne og formidling.
3.8	Turvegen Underdal - Stokko : Utbetring/ sikring, merking og auka profilering av turvegen langs med Aurlandsfjorden.	50 000	30 000	Underdal grendalag. Underdal grunneigarlag. Verneområdestyret	September	Underdal grendalag
3.9.	Informasjonstavler : Vidareføre utvikling/ produksjon og oppsett av verdsarvtavler/ lokale infotavler på fylgjande stader: - Langhuso, Underdal. (Supplering) - Vik sentrum. - Øvstedalen, Fresvik Jordalen - Ved Bakkatunnellen - Nordheimsdalen - Fyre, Stalheim - Uppsete/ Mjølfjell	400 000	400 000	Grendene/grunneigar/ Verneområdestyret + SNO.	Oktober	Dagleg leiar/ eigen prosjektmedarbeidar.
3.10.	"Twinning"- samarbeid med Glacier Bay, Alaska . Vestnorsk fjordlandskap/ Verdsarvsenteret i Paris har med grunnlag i felles utfordringar og nyttig erfaringsutveksling mål om å etablere ein gjensidig samarbeidsavtale med Glacier Bay i Alaska. Sommaren 2015 vert det gjennomført ein studietur som grunnlag for konkretisering av innhald og målsetjingar.	100 000	100 000	Verdsarvrådet Geirangerfjorden Verdsarv		Dagleg leiar

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2015	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
3.11.	Rydding, merking, skilting av turstiar/ vegar: Vert gjennomført i samsvar med turkart for Vestnorsk fjordlandskap/ turboka Opptur Nærøyfjorden. Auka innsats gjennom eige prosjekt/ prosjektmedarbeidar.	300 000	250 000	Partnarar/grendalag/ Turlaga/ SNO Verneområdestyret	November	Eigen prosjektmedarbeidar.
3.12.	Kongevegen Haugsvik – Stalheim: Opprusting av den mykje brukte kongevegen som turveg, til og å nyttast som sykkelveg. Oppgrusing av vegen, nye grunder, nye infotavler. Ein mykje nytta tur veg som no og kan nyttast som sykkelveg (terrengsykkel).	550 000	70 000	Stalheim Landskapspark	Desember	Stalheim Landskapspark
	SUM TA VARE PÅ NATURARV OG MILJØ	3 820 000	1 825 000			

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2015	NVP	Partnarer/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
4	TA VARE PÅ KULTURARVEN					
4.1.	Samarbeid med barnehagane og skulane: Verdsarvparken har som målsetjing at verdsarven Vestnorsk fjordlandskap skal bli ein naturleg del av skulekvardagen i Nærøyfjordområdet. Det er allerede etablert partnerskap med Lærdalsøyri Barne- og Ungdomsskule og Aurland Barne- og Ungdomsskule. I samarbeid med skulane i og inntil Verdsarvparken vert det gjennomført pedagogisk opplegg som set fokus på verda sin arv/ vår arv, geologi , vertskap, entreprenørskap/ næringsutvikling. Auke innsatsen mot barnehagane og dei andre skulane i parkregionen. <i>(Satsing vidareført frå 2014)</i>	250 000	200 000	Skulane i Verdsarvparken SNO/ Verneområdestyret Kommunane	September	Parkforvaltar - kulturminne og formidling
4.2.	Arbeidsseminar om Verdsarven: Planlegge og gjennomføre ein workshop om verdsarv og Vestnorsk fjordlandskap generelt/ geologi spesielt, Målgruppa er tilsette i barnehagane.	50 000	50 000	Skulane og barnehagane i Verdsarvparken.	November	Parkforvaltar - kulturminne og formidling
4.3.	Husmannsplassar i Haugsvik: Prosjektet har som mål å samle inn info om gamle husmannsplassar i Haugsvik/Stalheim i samarbeid med Vossestrand Sogelag. Arkivering, gps-merking, digitalisering evt. bok.	60 000	10 000	Stalheim Landskapsark	Mai	Stalheim Landskapsark
4.4.	Etablering av bygningsvernenter, Otternes Bygdetun : Utarbeide prosjektskisse/ søkje naudsynt ekstern finansiering til bygningsmessig endringar + handverkarstilling nr. 2. Etablere senteret. Gjennomføre 2 fagsamlingar/ kurs i tradisjonshandverk/ restaurering.	130 000	130 000	Stiftinga Otternes Otternes drift	Desember	Dagleg leiar
	SUM TA VARE PÅ KULTURARV	1 040 000	390 000			
	SUM BRUTTOBUDSJETT HANDLINGSPLAN 2015	14 445 000	9 490 000			

Merknad: Gjennomføring føreset løyving av økonomi i tråd med finansieringsplanen.

Aurland, pr. 7. januar 2015.

Erling Oppheim
Dagleg leiar